



Lingjerde Eiendom AS
Postboks 139
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4560 - 14/18792

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
28.11.2014

Adressetildeling/ adresseendring Havnevegen 29A-D, 31

Administrativt vedtak. Saknr: 347/2014

Saksutgreiing:

Massiv adresetildeling for heile Meland kommune vart gjennomført i 2007. Endringar og nyadresseringar vert føreteke kontinuerleg ved enkeltvedtak.

På eigedommen 23/364 er det eit større forretningsbygg som frå før har hatt tildelt 2 gateadresser- ei adresse for kvar «del» av bygget. Det er fleire brukseiningar i dette bygget som vert leigd ut til ulike leigetakarar. Ein del lokale har direkte inngang utanfrå og skal då ha tildelt eiga adresse. Det vert difor trong for både omadressering og tildeling av nye adresser.

For dei 4 brukseiningane som har direkte inngang frå gateplan vert det tildelt adressene 29A-29D, Inklusiv oppgang til biblioteket i 2. etasje.

Hovudinngangen i hjørnet på bygget har adressa 31 og denne vert ikkje endra. Her vert dei ulike brukseiningane tildelt nummer i tillegg til gateadressa som fortel kva etasje dei ligg i og kor dei ligg plassert i etasjen. Ein startar teljinga frå venstre etter ein kjem til vedkomande etasje. Her er tilkomst til 3 brukseiningar fordelt på 2 etasjar.

Eigar av eigedommen må informera leigetakarar i bygget om ny adresse og syte for rett merking av adressene.

Skrivemåten for stadnamn er regulert i Lov om stadnamn, og tildelt adressenamn er godkjend av Namnekonsulentane for Vestlandet ,og vedteke i Meland kommunestyre.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtak på adressenamn kan ikkje påklagast, men det kan klagast på husnummertildeling og kva Adresseparsel bygning/eining høyrer til.

Meland kommunestyre har vedteke at adresseparsellen skal ha adressenamnet **Mjåtveitflaten**.

Vurdering:

Skilting.

Etter felles vedtekt til § 105 i plan- og bygningslova (sjå vedlegg) for kommunane i regionen Nordhordland og Gulen, ligg det til Dykk å gjere eigedomen si adresse synleg ved tilfredsstillande adressenummerskilt.

Skilt og plassering skal tilfredsstillende lovkrava. I visse tilfelle kan det vere aktuelt at huseigar i tillegg til standard husnummerskilt på huset eller ved innkøyringa, også set opp supplerande tilvisingskilt. Det skal nyttast standard husnummerskilt. Dei aktuelle skilta kan kjøpast eller tingast i vanlege jernvarebutikkar eller direkte hos eit skiltprodusentfirma.

Av omsyn til redningsinstansane og ukjende som skal finne fram, skal skiltinga vere utført så snart som råd og seinast innan 4 mnd. Ved nybygg før bygget vert teke i bruk.

Posten.

Den tildelte adressa vert også postadresse dersom ikkje postboks eller anna er avtala med Posten.

Posten

er informert om adresseendringa og treng ikkje eigen melding, men Posten ønskjer at andre kontaktar vert informert om den nye adressa på eigna blankettar som ein får på postkontoret. Spørsmål til Posten kan rettast på kundeservicetelefon 810 00 710 eller internett www.posten.no Informasjon.

I vedlagte brosjyre **Orientering om adresser i regionen Nordhordland og Gulen**, finn du informasjon om bakgrunn for adressetildelinga og korleis adresse har vorte tildelt. Informasjon finn du også på www.meland.kommune.no under informasjon – adressetildeling.

Kva gjer ein om ein ikkje er nøgd med adressa.

Kommunen har mynde til å endre ei adresse og ein adresseparsell ut frå overordna omsyn til forvaltning av adresseverket. Ei adresse skal vere i samsvar med gjeldande infrastruktur og er difor gjenstand for endring.

Etter reglane kan ein klage på sjølve nummertildelinga eller kva for veg huset skal ha si adressetilknytning til. Det er berre eigar som kan klage og klagefristen er tre veker etter varsel om endring.

Ev. klage skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast Meland kommune.

Kommunen kan yte hjelp og anna rettleiing for den som ønskjer det.

Vedtak

«Meland kommune har i samsvar med gjevne retningsliner gjort følgjande adresseendring og adressesetildeling:

Gnr	Bnr	Vegnavn	Brukseining	Tidlegare husnr	Nytt husnr
23	364	Havnevegen	Intersport (H0101)	29	29A
23	364	Havnevegen	Meland Bibliotek (H0201)	29	29B
23	364	Havnevegen	Mamilla (H0101)	29	29C
23	364	Havnevegen	Frekhaug Frisør	29	29D
23	364	Havnevegen	Vitusapotek AS (H0101)	31	31 (H0101)
23	364	Havnevegen	NHL Begravelsesbyrå (H0102)	31	31 (H0102)
23	364	Havnevegen	Kostskroken (H0103)	31	31 (H0103)
23	364	Havnevegen	Kyrkjekontoret (H0201)	31	31 (H0201)
23	364	Havnevegen	Adv Romstad AS (H0202)	31	31 (H0202)
23	364	Havnevegen	Tannklinikken (H0203)	31	31 (H0203)

Vedtaket er gjort i medhald av Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova – i kraft 01. jan. 2010) § 21 og tilhøyrande forskrift kap. 12 og felles kommunale retningsliner til lovheimelen for kommunane i regionen Nordhordland og Gulen.

Kommunen har registrert vedtaket om adresseendring i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen. Det er høve til å klage på denne adresseendringa innan 3 veker etter at de vart gjort kjend med vedtaket. Saka er handsama og godkjent administrativt i medhald av delegert mynde. »

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Havnevegen_29A-D, 31
Orienteringsbrosjyre om adresser

Mottakere:

Lingjerde Eiendom AS

Postboks 139

5906

FREKHAUG